

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent (merknadsfristen var 10. februar 2012).

Møtedato: onsdag 25. januar 2012

Stad: HF-bygget, Bergen

Frammøtte:

Frå gruppe A: Margareth Hagen, Leiv Egil Breivik, Kjetil Berg Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen

Frå gruppe B: Svenn-Arve Myklebost

Frå gruppe C: Jan A. Johansen

Frå gruppe D: Ingen.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Uthaug opplyste at det står feil månad i sjølve saklista til møtet (25. februar i staden for 25. januar), men det står korrekt dato i e-postane som er sende ut om møtet. Innkallinga og saklista vart godkjende med denne merknaden.

Sak 2 – godkjenning av referatet rådsmøtet 9. november 2011

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Instituttet har laga utlysingstekst og stillingsomtale for ny professorstilling i japansk språk og ventar på at stillinga skal bli lyst ut.
- B. Det kom inn seks søkjarar til dei to øyremerkte stipendiatstillingane i engelsk fagdidaktikk. Vurderinga frå den sakkunnige komiteen er send over til fakultetet, og tre av dei seks søkjarane er innstilte. Det vil bli tilsett i to stipendiatstillingar sidan det ikkje vart funne kvalifiserte søkjarar til den faste stillinga i engelsk fagdidaktikk som har vore lyst ut to gonger.
- C. Det har kome ni søkjarar til stipendiatstillinga øyremerkt arabisk.
- D. Det har kome 49 søkjarar til dei fire opne stipendiatstillingane ved instituttet. Forskingsleiar skisserte gangen i vurderinga vidare. Det vil bli ei innleiande sortering ved hjelp av disiplinspesifikke komitear, og så ein felles instituttkomité som til slutt rangerer søkjarane som har kome vidare frå første runde.
- E. Maria Kari Soriano har delvis permisjon frå studiekonsulentstillinga januar-april i år, og Marie Ljones skal ha fødselspermisjon frå mai. Anna Polster er engasjert som vikar i administrasjonen frå 1. april og fram til Ljones er tilbake.
- F. Instituttet har frist til 1. mars med utdanningsmeldinga forskingsmeldinga og forskarutdanningsmeldinga.
- G. Ingrid Rostad har sagt frå seg plassen i instituttrådet fordi ho har bytta til eit anna studium. Helene Myrdahl rykkjer dermed opp som fast representant.

Sak 4 – Rekneskap for 2011 og budsjett for 2012

Uthaug orienterte om rekneskapen og budsjettframlegget.

Instituttleiar Breivik foreslo at ekstra forskingstermin til personar med signifikant overtid og støtte til tidsskrifta *Arena Romanistica* og *Corrientes* vert prioritert under «andre satsingar» i budsjettet (vel 300.000 kr). Det kom ingen innvendingar mot desse prioriteringane i møtet.

Henjum kommenterte problema med å få låna eldre tidsskrift som er overførte frå instituttet til Universitetsbiblioteket. Instituttet bør ta kontakt med UB om dette. Instituttet bør òg kontakta fakultet på ny og spørja om det er mogleg å bruka masterstudentar som vitskaplege assistentar utan å koma i konflikt med gjeldande lovverk.

Breivik orienterte om del to av vedtaksframlegget. I 2011 prioriterte instituttet følgjande stillingsønske for 2012-budsjettet: japansk, engelsk lingvistikk og spansk fagdidaktikk. Instituttet har omsider fått ei ny stilling i japansk. Med tanke på 2013-budsjettet nemnde Breivik følgjande stillingsønske som allereie er kjende: engelsk litteratur, spansk fagdidaktikk, fransk språk og litteratur, tysk litteratur, Brasil-portugisisk, faste lektorstillingar. Instituttleiinga vil ta kontakt med fagmiljøa og be om at spørsmålet om stillingsprioriteringar vert drøfta i lærarmøta. Deretter vert saka lagt fram for instituttrådet til drøfting og prioritering 16. mai.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet godkjenner det framlagde budsjettet for 2012. Rekneskapen for 2011 vert lagt fram for rådet til godkjenning når han er avslutta.

Instituttleiar bed fagkoordinatorane drøfta stillingsprioriteringar for sitt fag i lærarmøte ved faget og melda tilbake til instituttleiar. Instituttrådet drøftar i mai korleis dei ulike stillingsbehova bør prioriterast av instituttet.

Sak 5 – Undervisningsrekneskapen ved instituttet

Breivik orienterte om bakgrunnen for saka og drøftingane som har vore mellom instituttleiingane ved institutta LLE, IF, AHKR og FoF. Notatet som er sendt ut saman med møteinnkallinga, er forfatta ved AHKR, og er ikkje meint som eit framlegg frå instituttleiinga. Her er det ein del punkt som gjerne ikkje passar for IF, men notatet kan samstundes vera eit godt utgangspunkt for drøfting. Breivik støttar framlegget om å fjerna overskotet frå tida før sommaren 2007. McCafferty streka under at ein i så fall må gå i dialog med dei som vil merka ei slik nullstilling sterkast. Uthaug vil leggja fram statistikk frå arbeidstidsrekneskapen ved instituttet til neste rådsmøte.

Både statistikk og prinsipp bør drøftast på neste rådsmøte, og Hagen ba om at spørsmålet om ei løysing på overskotet frå tida før 2007 kjem opp på neste møte. Henjum påpeikte at rekneskapen ikkje er reell sidan ikkje forskingsarbeidet blir telt med.

Sak 6 – Arbeidet med ny strategiplan for instituttet

Både UiB sentralt og fakultetet har laga nye strategiplanar. Leiargruppa lagar eit første utkast til strategiplan for IF og sender dette ut til alle ved instituttet i byrjinga av mars. Utkastet vert drøfta på eit instituttseminar 28. mars, og saka kjem opp igjen i rådet 11. april.

Sak 7 – Ymse

- a) Instituttrådsmøtet som er planlagt 29. februar (vinterferie i skulen), bør flyttast (Skagen).
- b) Skagen var uroleg for SPIK-programmet, som skal ha eit nytt, eige førstesemesteremne på ti studiepoeng. Ulike språkfag er samstundes i ferd med å laga planar for språkspesifikke førstesemesteremne. Skagen viste til at SPIK-studentane allereie i utgangspunktet har ei spesialisering som inneheld færre emne frå framandspråket, og at dei kan søkja om opptak til språkspesifikke masterstudium med dette grunnlaget. Studentane kan òg få bachelorgrad

utan litteratur i studiet. I tillegg skal ein redusert stab undervisa tverrfaglege emne i tillegg til emna på framandspråket. Hagen var òg uroleg for SPIK og ikkje minst for at programmet vil få eit eige førstesemesteremne framfor å inkludera innføringskurs i framandspråket. Dermed kan det bli stort sprik mellom dei som får SPIK-varianten av spesialiseringa i eit framandspråk, og dei som får ordinær spesialisering. Undervisningsleiar Henjum følgjer opp diskusjonen i etterkant av møtet.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef